



Advokatfirmaet Hustvedt & CO  
Postboks 127 Ulset  
5873 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1112 - 17/8027

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:  
20.06.2017

## Seksjonering Gbnr 45/440 Manger - Vedtak.

Delegasjonssak nr.: 156/2017

### Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om seksjonering av tomannsbustad på gbnr.45/440 på Selfallet. Igangsetjingsløyve til oppføring av tomannsbustad vart gjeve den 23.05.2016. Tilaket ligg innanfor reguleringsplan for Selfallet. Det er i vedtak PLT-088/13 gjeve dispensasjon frå arealformålet til å byggja tomannsbustad. Formålet med bruken er soleis i tråd med reguleringsplanen.

Seksjoneringsbegjæringa, søknaden, er levert inn med utfyllande vedtekter, situasjonsplan og planteikningar. Utearealet skal vera felles og føringane er skildra i vedtektene. Pantehavar har gjeve samtykke til seksjonering.

### Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglementet for Radøy kommune vert det gjeve løyve til seksjonering av tomannsbustad på gbnr.45/440. Seksjoneringa vert godkjent på grunnlag av framlagte teikningar, situasjonsplan og vedtekter.

Vedtaket har heimel i lov om eigarseksjoner §9.

### Klage:

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Kjartan Medaas.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Kjartan Medaas  
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Advokatfirmaet Hustvedt & CO

Postboks 127 Ulset 5873

BERGEN